

# Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

**DATO:** 04.04.2016

**MØTESTAD:** Scandic Maritim, Haugesund

**Utvalsmøtet var ope for publikum og presse**

**Deltakarar frå utvalet**

Gunnar Berge	Leiar
Lise Karin Strømme	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem

**Deltakar frå administrasjonen**

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen (sak 12)  
Konsernrekneskapsjef Berit Bore (sak 12)

**Forfall frå administrasjonen**

Eigardirektør Ivar Eriksen

**Deltakarar frå internrevisjonen**

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for komiteen)

**Deltakarar frå ekstern revisor**

Statsautorisert revisor og partner i EY, Tommy Lothe

**Sakliste:**

Sak 09/16 B Godkjenning av innkalling og dagsorden  
Sak 10/16 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 25-02-2016  
Sak 11/16 O Status frå internrevisjonen  
Sak 12/16 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest 2015  
Sak 13/16 O Internkontroll og risikostyring i Helse Vest IKT  
Sak 14/16 O Kommande møte og andre saker  
Sak 15/16 O Eventuelt

## **Sak 09/16 B Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **Sak 10/16 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 25.02.2016**

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 25.02.2016.

## **Sak 11/16 O Status frå internrevisjonen**

### **Oppsummering:**

Leiar for internrevisjonen gjekk gjennom utsendt statusrapport. Det blir lagt til rette for at internrevisjonen si oppfølging av rapporten om innkjøp blir lagt fram i utvalet sitt novembermøte.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

## **Sak 12/16 O Årsrekneskap og årsmelding Helse Vest 2015**

### **Oppsummering:**

Til grunn for saka låg styresak til møte neste dag. Det vart halde orienteringar frå revisor og administrasjonen i RHF-et med påfølgjande spørsmål og svar. Utvalet noterte seg det gode økonomiske resultatet for 2015 og at ekstern revisor ga gode skussmål til helseføretaka.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet tar informasjon frå eksternrevisor og administrasjonen til orientering.

## **Sak 13/16 O Internkontroll og risikostyring i Helse Vest IKT**

### **Oppsummering:**

Administrerende direktør i Helse Vest IKT Erik M. Hansen var invitert til utvalet for å orientere om arbeidet med internkontroll og risikostyring i selskapet med særleg blick IKT-sikkerheit. Det blei òg spørsmål og svar i møtet. Utvalet noterte seg ein del moment/omsyn som kan inngå i eit mulig internrevisjonsprosjekt: Pasientsikkerheit, tilgangstyring- og kontroll, opplæring, korrupsjon i samband med anbod, sårbarheit i infrastruktur og IKT-system, beredskap. Det kan òg vere aktuelt å sjå på korleis ein planlegg for teknologi i nye bygg.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet tar saka til orientering. Det vil bli vurdert vidare om dette området skal bli gjenstand for eit eige revisjonsprosjekt.

## **Sak 14/16 O Kommande møte og andre saker**

### **Oppsummering:**

Møteplanen ligg uendra ut året. Det blir søkt lagt til rette for å delta i utvalet sitt junimøte på video. Det vart elles ikkje tatt opp andre spørsmål.

### **Vedtak (samrøystes):**

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

## **Sak 15/16 B Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.

04.04.2016

Ref. Bård Humberst

Gunnar Berge (Leiar)

Olin Johanne Henden (Medlem)

Lise Karin Strømme (Medlem)